



Dato: . desember 2017

## **Høringsnotat – Forslag til forskrift, Prop. 1 S, programkategori 13.50, kap. 550, post 73 – Merkur-programmet**

### **Innleiing**

Forskrifta erstattar dagens retningslinjer og er meint å stadfeste dagens praksis. Forskrifta er heimla i Prop. 1 S.

I forskrifta har departementet lagt vekt på klart språk for at ho skal bli mest mogleg lesarvennleg. Forskrifta er meint å kunne bli lesen av ein mogleg søkjar som ikkje er kjend med ordningane, slik at han eller ho lett kan setje seg inn i dei. Forskrifta er bygd opp slik at kapittel I inneheld felles reglar for tilskotsordningane, og deretter er kvar ordning nærare omtalt i kapitla etterpå. Alle kapitla har same struktur så langt det er mogleg.

Mykje av det som står i retningslinjene og ikkje er teke med i forskrifta, vil framleis stå på den elektroniske nettportalen til Merkur, [merkur-programmet.no](http://merkur-programmet.no). Forskrifta inneheld tilvisingar til både [merkur-programmet.no](http://merkur-programmet.no) og [regionalforvaltning.no](http://regionalforvaltning.no). Den elektroniske versjonen av forskrifta vil ha ei lenkje knytt til dei nemnde portalane. Det går vidare fram av forskrifta kva slags portal som skal brukast til dei ulike føremåla.

Når det gjeld kven som kan få tilskot (tildelingsreglar), må alle krava i dei aktuelle reglane vere oppfylte. Dei er såkalla kumulative vilkår, i motsetning til alternative vilkår, der berre eitt av krava må vere oppfylt. Dette gjeld for heile forskrifta. Det er alltid krav til både kundegrnnglag, avstand og omsetning som må vere oppfylte for å kunne søkje eller få tilskot, og tilleggskrav går fram av dei enkelte ordningane.

*Departementet ber på generelt grunnlag om ei tilbakemelding på om forskrifta er lett forståeleg, særleg med tanke på dei som ikkje kjenner ordningane. Vidare ber departementet om ei tilbakemelding på om nokon av reglane er eigna til å gi utilsikta verknad.*

### **Forklaring av ord og uttrykk knytt til nokre innleiande paragrafar.**

## § 1 Mål

Målet er å sikre innbyggjarar i distrikta tilgang til ein daglegvarebutikk i nærleiken med god kvalitet og med tilleggstenester som aukar omsetninga, sikrar vidare drift og gir innbyggjarane i lokalsamfunnet betre tenester.

Målet for Merkur-programmet er ikkje endra og inneber ei stadfesting av gjeldande rett og langvarig praksis.

## § 2 og 3. Kva forskrifta gjeld, og kven som kan få tilskot

Desse reglane må ein sjå i samanheng med kvarandre. Dei inneber også ei stadfesting av gjeldande rett.

### § 2 Kva forskrifta gjeld

Forskrifta gjeld desse tilskota i Merkur-programmet som rettar seg mot heilårsdrivne daglegvarebutikker i område med få innbyggjarar, drivstoffsal ved daglegvarebutikkane og bokhandelsdrift i distrikta:

- a) investeringstilskot til daglegvarebutikker (kap. 2)
- b) utviklingstilskot til daglegvarebutikker (kap. 3)
- c) servicetilskot (kap. 4)
- d) investeringstilskot til drivstoffanlegg ved daglegvarebutikker (kap. 5)
- e) utviklingstilskot til bokhandlar (kap. 6)

Det er ikkje mogleg å søkje utviklingstilskot og servicetilskot samtidig.

### § 3 Kven som kan få tilskot

Sekretariatet for Merkur-programmet kan gi tilskot til daglegvarebutikker i Distrikts-Noreg som har eit varetilbod som dekkjer det alminnelege ernæringsbehovet i eit hushald og andre grunnleggjande behov for daglegvarer, og som

- a) har ein nærmarknad på under 200 hushald
- b) har ein avstand på minst 10 kilometer til næraste alternative innkjøpsstad eller er lokalisert til stader utan fast vegsamband, eller er einaste daglegvarebutikk på ei øy

Sekretariatet kan òg gi tilskot til bokhandlar som

- a) er lokaliserte i ein tettstad i distrikta
- b) er den einaste bokhandelen i tettstaden eller handelsområdet
- c) har ei total omsetning på mindre enn 7 millionar kroner eksklusiv meirverdiavgift

Merkur-styret kan etter ei særskild vurdering godkjenne butikkar som ikkje oppfyller vilkåra i første ledd.

Ein søkjar kan berre få tilskot til tiltak som ikkje er starta før søknaden er ferdig handsama.

Kva som er meint med «område med få innbyggjarar», må ein vurdere konkret i kvart enkelt tilfelle, men målet for Merkur-programmet er at det skal vere eit kompetanseutviklingsprogram for dei minste daglegvarebutikkane i distrikta. I § 3 første ledd om kven som kan få tilskot, er det bestemt at ein daglegvarebutikk må ha ein

nærmarknad på under 200 hushald for å kunne få tilskot, og at han må ha ein avstand på minst 10 kilometer til næraste alternative innkjøpsstad. Begge vilkåra i første ledd må vere oppfylte.

Kva som er meint med «daglegvarebutikkar», går fram av § 3 første ledd. Daglegvarebutikkar er avgrensa mot til dømes gatekjøkken, bensinstasjonar og kioskar, også der dei sel brød, mjølk og pålegg. Ein butikk skal ha eit «fullverdig varesortiment». Daglegvarebutikkar skal ha «eit varetillbod som dekkjer det alminnelege ernæringsbehovet i eit hushald og andre grunnleggjande behov», sjå § 3 første ledd.

Kva som er å rekne som daglegvarebutikk, må avgjerast av forvaltaren ved handsaming av søknaden eller som eit ledd i den plikta dei har til å rettleie dei som vurderer å søkje.

#### *§ 4 Krav til søknad om tilskot*

*Ein søknad skal innehalde*

- a) organisasjonsnummer og namn på den ansvarlege prosjekteigaren*
- b) ei stadfesting av at søkjaren på søknadstidspunktet ikkje har fått anna bagatellmessig støtte eller tilbod om slik støtte i søknadsåret og dei to føregåande åra, jf. regelverket for offentleg støtte*
- c) målgruppa for tiltaket, kva ein vil oppnå med tiltaket, og ein omtale av tiltaket*
- d) ein framdriftsplan for gjennomføringa av aktivitetane i tiltaket*
- e) ein kostnadsplan*
- f) ein finansieringsplan*
- g) forventa resultat når prosjektet blir avslutta*
- h) forventa verknad av tiltaket*

Bokstav b er ei stadfesting av at søkjaren på søknadstidspunktet ikkje har motteke anna bagatellmessig støtte, eller tilbod om slik støtte, i søknadsåret og dei to føregåande åra. Bakgrunnen for at ein søkjar skal gi desse opplysningane er reglane om offentleg støtte i EØS-avtalen. Alle tilskotsordningane i Merkur-programmet er i seg sjølv å rekne som bagatellmessig støtte – den øvre grensa er på 200 000 euro over ein periode på tre år. Det er likevel viktig at støtte under Merkur-ordningane, saman med anna offentleg støtte, ikkje overstig reglane om offentleg (bagatellmessig) støtte i EØS-avtalen.

### **Avsluttande merknader**

Kommunal- og moderiseringsdepartementet meiner at reglane i forskrifta er utfyllande og har eit forståeleg språk og innhald. Sidan forskrifta er ei vidareføring av dagens retningslinjer og ei stadfesting av dagens praksis, er det ikkje mange av reglane som har behov for forklaringar i dette høyringsnotatet.

*Departementet ber likevel om ei tilbakemelding på reglar som høyringsinstansane meiner er uklare, og som dei ønskjer ei nærare forklaring på.*

Departementet vil då leggje til utfyllande merknader til dei paragrafane det gjeld, på nettstaden til lovdata.no, som det vil liggje lenkje til på den elektroniske

forvaltningsportalen til departementet – både på [regionalforvaltning.no](http://regionalforvaltning.no) og [merkurprogrammet.no](http://merkurprogrammet.no). Alle lover og forskrifter er tilgjengelege gratis på [lovdata.no](http://lovdata.no).